

Bli med på Englafjell søndag!**07.09.2009**

Dei komande vekene har Kvinnherad Turlag mykje på programmet og ein av turane er i Uskedalen. Søndag 13. september går turen til Englafjell og han blir leia av Mona Enes og Kjell Yri.

Turen startar i Tveitedalen og går til Englafjell via Børsdalen. Etter å ha vore på toppen går gruppa ned Eikedalen og endar i Uskedalen.

Leiarane lovar ein flott tur med stor variasjon i naturopplevingar og fantastisk utsyn frå toppen (biletet over, panorama mot fjorden).

(Foto: Harald Sætre)